

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Sør-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Simons, Biddal, Støren og Soknedal

Emne: Giftferdig ungdom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Malen,

Gard:

(adresse): Soknedal,

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1.

Det var det mest vanlege å finna gifta si i same bygda eller sokna. Folk var vel til vanleg ikkje så vifarande og vikkente som no.

Sp. 2.

Dei kunne sjølvsagt gifte seg med ufarlegds, men det var så å seia fast regel at det dei skulle ha om lag same sosiale stode i samfunnet.

Sp. 3.

Ja, som ovanfor nemnd.

Sp. 4.

Ja, det var i grunnen inga særstode i så måte.

Sp. 5.

Dei har nok hatt eit ord i laget med i mange høve foreldra og, men etter det eg kan skyne så er slike „foreldreaksjonar“ ei „saga blott“ no.

Sp. 6.

Det var helst „stor-kønden“ det ja.

Sp. 7.

Eg har høyst at det har hendt så seint i tida som rundt 1850-åra at foreldre antala giftarmål med borna var små, men etter den tid har dei iallfall ikkje fare i „høgmelene“ med slike auktor.

Sp. 8.

Syster og syskinlytte tydde at ein syskinflokk giftet seg berre med syskin. (Blandt saman to syskinflokkar).

Sp. 9.

Slike giftarmål som ovanfor nemnde tok fullviss omsyn til å auka middel, men og til å styrka akka, men det sistnemnde trur eg kom helst som nr. 2

14505

Sp. 10.

Det er mykje sjeldan at det har hendt her på traktoren at dei har giftet seg med syskinarn. Personleg veit eg ikkje om meir enn to slike giftarmål. (Desse „missgjerningane“ vart då og noko ramma av naturlovene si straff. Flokket vart iallfall ikkje resultatik i desse høve.)

- Sp. 11. Eg har ikkje høyr at skyldskopen skulle vera verre på mannsida enn på kvinnesida. Eg kan ikkje trå at menigmann var så godt teoretisk orientert i dette problemet.
- Sp. 12. Eg veit det har hendt at barn ikkje har gartteke det foreldra ynskete i slike høve, men det var nok sjeldan at dette hendte.
- Sp. 13. For i tida truedde dei beeryfast at slike barn fekk djvds straffedom over seg, men ikkje no, nei.
- Sp. 14. Det har nok hendtetter det eg har høyr at ifan forståande har kome barna til hjelp i slike høve.
- Sp. 15. Eg har ikkje høyr at nokon har sett i gang sovoren aksjon som nemnd i sp. i slike høve.
- Sp. 16. Eg har ikkje høyr om nokor prøve i samband med gifting. (Her i bygdom er det - og har det ikkje vore så stor sosial skildnad på folk til at slikt nokes kinne bli aktuelt. Ein og annan "storkaksen" fanns det, men stort sett var tilhøva jannare her enn t. d. på Hedmark.)
- Sp. 17. Tenarar stod nok på ein måte noko friare likevel enn bondesomene og bandegjentane.
- Sp. 18. Det har nok hendt at enkjer kjente seg mere ubindne av tradisjonar og fordommar enn andre og handla deretter og.
- Sp. 19. På dette spørsmålet kan eg så nokontunde trygt svare ja.
- Sp. 20. Eg trysar at bestefar - född 1820 - fortalde noko om dei ting det er spurd om i sp. 20, 21 og 22, men eg kan ikkje trysa nokon detalje.
- 21. Bestefar har nok trüdd at yngre "högwendingsakker" har vore realitetar, men han sa med sorgsam tone i röysta at dei slüttas med å trå på slike ting etter at han varf vaksen. Elles var ordtak "å gjör ette si" mykje berikt.
- 22. (Same text as 21)
- Sp. 23. Ja.

Nattefriing.

Sp. 24.

Eg kan med stor vissa fortelja at nattefriinga ikkje er nokon anleggs skikk her i bygdom enno heller, sjölv om gjentene for om lag 40 år sidan har slutta med å ligge i fjös og på lene og låve. Dei paververdige i samfunnet künde gjera^{sy} litt meire kjent med tilhöva i utkantbygdene enn dei har gjort, så kanskje dei ville^{ner} koma til å skyna at på langt^{er} ikkje all edelt og stort vert attlagt heime når gjeten tek ut på nattefriing. Kan hende kvortom i mange høve, ja, og triv i dei fleiske høve. Ein må huse på at tilhöva i bygdesamfunne enno ikkje^{hellur} gjev gitt og gjente så gode høve til å råkast på annan måte.

Sp. 25.

Slikt veit den best som er vakren opp i eit bygdesamfunne. Og trass i nemnde „steinaldersskikk“ så ligg nok ikkje bonde- og bygdesamfunna noko til atters for bysamfunna moralskt sett i dette høve. Var det to i fylgje til same gjenta - det kunne manleg hende - så vart den sikepne det ein kalla for „kalbrennar“, (og veit ikkje kva uttrykket har sitt opphav ifrå.)

„Kalbrenning“ vart det på den måten at bae gjetane la seg i senge åt gjenta - ein på kvar side - og den gjeten som gjenta snudde ryggen til vart „kalbrennar“ om han då ikkje steig opp og gjekk sin veg med det same.

Sp. 26.

Nattefriing var älvär, nattelöpping var skög, - morro.

Sp. 27.

Det kunne gå skokkar på ein 3-4 gjetar i lag og endå meir når det var ite på „skög“ som det heite.

Sp. 28.

För å vera med på dette måtte dei helst vera over sekstan år. Dei vart ikkje godteke som vakren för.

Sp. 29.

4
Det kunne slumpe at eit par kjenningar
frå kvar si grend følgdest åt på natteskjög.

Sp. 30.

Med den store rang- og standsskilnaden som
har vore halde i hevd ned til våre dagar
så var ^{det} sjeldan at gutar frå dei yngre
samfunnsklasser kom saman på skjøferd
nattens tider, men eg veit at slikt har
hendt. Undantaka starfester regelen.

Sp. 31.

Eg har gjennom ei lang tid fått visneme
for at det kabrar i ein utgamalt tradisjon
å gå på skjøferd så å seia jostals
i grendene natt til tredje juledag.

Sp. 32.

I sine bygdelag var sanchaldet mellom
gutane godt - og det var det mest vanlege -
men det har nok hendt at sanchaldet
har vore mindre bra og. Eg trur at
ei politisk og sosial morgonreining og
ei større og større industriering har
moko av skuldor for dette. Folk har ikkje
vore kompetente til å mürdere det nye i
tidsströmmane på den rette måden.

Sp. 33.

Ansleis vert det net heller ikkje for
livsstandaren vert ^{net} som nr. 1 framfor levestandarden.
Der det var stor sosial skilnaden var det
heilt invariant at boende- og tenestefolk heldt lag.

Sp. 34.

Tenestefolka hadde nok frikveldar ein
gang imillom etter det eg har høyr, men
eg har ikkje høyr at det skulle vera visse kneklar.

Sp. 35.

Det var helst laurdag, men eg søndag
og onsdag at dei gjekk på natteskjög.
Nemninga "gudskjov-torsdag" har eg ikkje høyr for.

Sp. 36.

Men eg har høyr at onsdagen er vorten kalla
anten "litt-laurdag" eller og "mevikkidagen".
Det var ikkje god tone å gå på natte-
friing og natteskjög i påske- og julevika nei,
og på ingen måte til ein gard der det låg lik.
Eit tradisjonelt undantak er då "langfredagsrisinga".

Sp. 37.

1 2 3 5
Dei gjekk helst berre i heimegrenda nattskøy,
men dei kunne stundom gå vidare og.

Sp. 38.

Her på traktene lærer dei ikkje dorene for
nattetida heller så det var ikkje aktuelt
med å beda om å få komme inn. Det
var berre "gå inn" det mekk som dei
skulle vera heime.

Sp. 39.

Det var ikkje aktuelt med vers heller det
eg har høyrte eller veit om.

Sp. 40.

Det var om å gjera å fara stiltt ja.

Sp. 41.

I mi ungdomstid var det ingen som hadde
noko vunde å seia om denne skikken.

Sp. 42.

Sjå svaret på sp. 38.

Sp. 43.

I høgtidene hadde gutane med seg bromvins
eller sukkerrogg, elles ikkje nokon regel solis.

Sp. 44.

Gjentene var ikkje kjende av noken skikk
til å by gutane noko når dei for
rindt på sovorne nattranglarferder.

Sp. 45.

Gjentene kunne nok jægges seg inn
på gutane med julfråd o. l. —

Sp. 46.

Di fleire gjentar det var på ein gard di
lenger vara gjerne nattvitjinga, som tenkjeleg
kan vera. Dess fleire gjentar dess meir morro.
Klokka kunne slå både 4 og 5 slag før dei gjekk.

Den einslege nattfriaren.

Sp. 47.

Om flokken var innom døra eit gjenterom
berre ei smögrende så kunne det lett
henda at ein av dei varf verande off
til på morgonleite. Kvifor (!) !!

Sp. 48.

Elles var det helst så at älvårsfriaren gjekk
dei kveldane han hadde von å få vera älske,
iallfall på dei første friarferdane sine.

Sp. 49.

Ein friar var redd for å openberra seg.

Sp. 50.

Eg skjnar ikkje spørsmålet, men det
kunne henda at ein og annan dreiv
nattfriing som sport, og då — — —

Sp. 51

Kna dei gav kvarandre som trulovings-
"gissel" i mine besteforeldres tid veit eg
ikkje, men sidan eg trur å forest
seia frå omkring 1880-talet - har det
over det heile her i bygdaa vore
brukt trulovingsringar.

Sp. 52

Det var gulteflakkane i grunda som
gjorde fantestykke til dei trulova.

Sp. 53

Svarer her vert det same som på Sp. 52

Sp. 54

Det har vore tradisjon med slik
"oppvarming" so det var vel ikkje klokt
å syne at ein misstekte det, når
det ikkje gjekk allfor "villmannsvilt"
for seg då.

Sp. 55

Svarer her og det same som på spørsmålsvorfor,

Sp. 56

So vidt eg kan skyna so var denne
fantestykketradisjonen ei form for godtgjening
av trulovinga.

Sp. 57

"Sports"friskane (skögarane) gjekk
gjekk i lag, men dei som gjekk på
samme ålværet gjekk so lægjed som
råd var. Men truleg nok kunne det
hende at ein og annan av "skögarane" hadde
ålværlige planer i bakkeanda og.

Sp. 58

III.

I flokkevis kunne ungdommen tala saman
på kyrkjebakken, men helst ikkje gjeft og gjente.

Sp. 59

I jula var det visen at gutane laud
kvarandre brennevin når dei råkast med kyrkje.

Sp. 60

Eg trur å ha hørd at gjentone brukte å ha med
seg minnegodt av eit eller anna slag.

Sp. 61

Det var vanleg at gutane hadde
rangen og -plikken.

Sp. 62

djenta hadde nok og høve til å

Sp. 63

visa kven ho lika best ja. 14505

Det som det er spurd om her har eg aldri
hørd tale om.

Sp. 64

Der det var lang kyrkjeveg var det
faste kvileplassar, ja.

{ Sp. 65
" 66

7
4
Dei kunne nok leike og dansa
i nærleiken av kyrkja, men eg har
aldri høyrd tale om nokon
tradisjon somis at dei til sine
tider skulle danse nær kyrkja.

Sp. 67

B. Djestebod saman med eldre.
Alle dei gilde som er minnde gilde
i dette spørsmålet er tradisjonelle
her enno og.

Sp. 68

Gjutar og gjentor burde stå på
sømeleg fråstand at kvarandre
i alle slags gilde når det ikkje var dans.
Denne sømsgjerdan døyddi eit her for
omlag ein femti - seksti år sidan.
Eg kan berre so vidt minnast
skuggen av ho.

Sp. 69

So langt attende som eg kan minnast -
ein femti år godt og vel - var det
ikkje noko problem alder og ansinitet
i flatsenga, der kunne dei para
seg saman etter anskje.

{ Sp. 70

Stabbedansen held no først på å
dø berre her.

{ Sp. 71

På siste lekken i sp. kan eg svare ja,
men det var berre morspel med
denne paringsakta under stabbedansen.

Sp. 72

Her er svaret ja, og etter ja.

Sp. 73

Her og er svaret ja-ja.

Sp. 74

C. Andre høll der eldre var med.

Sp. 75

Det var mest vanleg å slutte ein dugnad med dans, ja.
Ja-ja.

Sp. 76

Spandheimus- og Rørosmarknadene er velkjente frå utgamle tider her.

Sp. 77

Ég har ikkje meir høyrð so mykje om marknadsgávur i eldre tid, men det var vel helst skjellingstaker (skillingstaker) og slikt noko. Truleg kjørte ein og annan gūten eit fint skaut åt gjenta si og, slikt noko høyrde liksom med i kyrna i gammal tid.

Sp. 78

Det har nok vore samskotslag her i eldre tid ja, men eg har berre so vist opplevd snever av ein slik skikk.

Rundt nittanhundretalet kom det inn litt av ei ny krets her i og med at det då med kvart vart bygd ungdomstuer rundt om i bygdene.

Sp. 79

Samskotslag heite "beirlag" her.

Sp. 80

Her hadde gjentane "oppsett" d. v. s.: oppsete (ei sitja opp).

Sp. 81

Gjentane kom - og skulle koma - sjølvme til desse "lögndé" oppseta. (Mennekkisete).

Sp. 82

Gjentane var vertar og dei kosta desse kallasa. Tenestegjentane fekk maten dei skulle ha til oppseteskallasa av husevndsfolkaja.

Sp. 83

Det var til vanleg berre små krinsar med i desse laga, - og dei gjekk på omgang.

Sp. 84

Det var helst mennekkedagen, eller mennekkiselagen

Sp. 85

som dei hadde desse oppseta. Stindom hadde dei stabbeclaus og. Fallfall hadde dei clausaromero på desse oppsetestrotar.

Sp. 86

På dette spørsmålet er svaret nei.

Sp. 87

Om dei ein herde gong flokkeast saman på ei heimseter (vårseter) der det mykje gott var ungdommar til seterküller)

so hadde dei spel og dans, ja.

Sp. 88

Det kunne herde gong og annan at dei kom saman til olsokstemne, elles var det helst berre i jansoktula.

Sp. 89

Her har eg aldri høyrte at det drog ut
nokon større flokkar i lag på berturar, nei,
men derimot kunne det reka på
flokkeweis - helst kvinnfolk - til fjells
om høvstane for å finna sjeft-gras
som dei laga skuretrugor av.

Sp. 90

Dei kunne dra ut ein tri-fire i følge
til fiske i fjellvatna. Det var og seie
dei einaste som kunne samla
singingane til tittar her. Men
det har vore mykje meire av slike
felagsturar i Osterdalen.

Sp. 91

Det var slett ikkje so i vanleg med
skotthyll- og ballspel om somarkveldane.

Sp. 92

Dei eldre tok ikkje slike samkomor so
høgtidssamt her, nei.

Sp. 93

Ungdomen i bygdene her ikring gjekk
mykje heim at kvarandre om helgedags-
ettermiddagane for å slå av ein
prat og for å - spela Marias, eit
slags kortspel. Etter 1906 og sunn og
går ungdomane her ikring at kvar-
andre som før, men no for å spela
rist og bridge - eller og for å prappolitikk.
Ungdomane her i bygden kunne og
gå i «vessvona» for å reka kvarandre
på jarnvegstasjonar eller visse stader
elles i bygda.

Sp. 94

b). Om vinteren.

Sp. 95

Sjå svaret på sp. 80

Sp. 96

Sovorne samkomor var helst i mørkaste
vintertida. — og

14505

Sp. 97

dei gjekk helst på omgang, ja.

Sp. 98

Her heldt dei helst til i eldhuset med
slike kveldsetessamkomor, i allfall
so langt attende som eg kom minnast.

Sp. 99

På desse møtene var det helst morroprat,
men ikkje so lite song heller, og
då var det mest sjalvsagt bygde- og
skillingssviser som vart sunge, ja.

Sp. 100

Ungdomen kunne bli savnt om å
koma saman til dans når som helst.

Sp. 101

Gitar og gjentor hjelpstest å med
heile "stasen" å slike samkomor, ja.

Sp. 102

Den som buidde nærast spelemannen
gjekk med "mobiliseringsordra" til
han som dei ville ha til å spele.

Sp. 103

Det var helst gutane som bar pengekost-
naden med slike høve.

Sp. 104

Om det vart aftare dansenovero etter
at trekkspillet var kjent? -!

Nei, nei, nei! Ikkje her skring, nei.
Men trekkspillet har, paradoksalt nok,
vunne meire rom no. Men i
Berdal og Singås har dei framleis
gode felespelar-lag.

Sp. 105

Ikkje nokon sers skeise- og skisporet her, nei,
men det hende at dei rente hopp.
Hopper brukke dei å ha på flata
medanunder bakken.

Sp. 106

Dette med at gifteferdig ungdom laut
spørja om lov til å vera med på nokon
av ovannemnde trøytor er framant her,
me har ikkje litt noko nemnande
sinder "pave- gartseigar- og húsmanus" -
som har stått mot kvarandre her,
ordi det er jannare økonomiske tilhøve
her enn t. d. på Hedmark.

Sp. 107

Men gutane gjorde nok her og litt meir
som dei ville, om dei då var so **14505**
ihopne å ha ein "småpave" i grenda si.
Spørsmålet ikkje aktuelt her i bygdom.

Sp. 108

Sp. 109

Ein og annan småparet kunne vel
gjørna noko i skjesset om "synd og
satausmakt", men denne mentali-
teten har ikkje gjort noko større av
seg her.

Sp. 110

A lystre slike røyster var slett ikkje
so avgjort sjalvsagde her ikkje.

IV. Jülträd.

Analoge ^{til dei} namntsom er nemnde
i dette avsnittet er her på trakton
rokkmann, verkkall, lärbjerring og
skogtauis.

Sp. 111

Ovannemnde namn gjeld som svar her.

Sp. 112

Det som det spør om her har eg ingen kjenskesop
til, og då torer eg gå ut ifrå at skikken
med slike nemningar i samband
med rokkmann og skogtauis må ligga langt
attis tida om har nokon gang har
vore brukt her.

Sp. 113


Rokkmannen skulle få jülträd eller
jüldakke, ja.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 114

Dette med "jülträd" og "jüldakke" har
eg fått ulike utgreiningar om. **14505**

Sünne seier at dette er ulike nemningar
på same tingen, andre seier at det er
to ulike ting. Men eg har då med
nokontunde visninger finne ut
at "jüldakkone" var små, sløyfeforma
tråhespor med mange fargar. Dei
brükte i tekta dei fast på trögtragen,
(jakkeoppslaget). Sünne har fortald
meg at den eine typen - om det har vore
to typer då - skulle det vera lin i og den
andre üll. / Sigurd Hongröd, Snoan p. a.
har ei jüldakke i sitt antikvarium, men det er
vel ikkje sa greit å få ho utlänt, kan eg tenkje.
Han trär vel knapt korkje Värherre eller Hänmannen.



Hespe eller
jülträd sliki.

ma ha set slik ut.

Eg har ikkje hatt häne til
a set jüldakke hons.

202

Sp. 115

Eg tviler ikkje på at gjenta gav gäben
ho lika finne juldokke.

Sp. 116

Eg har ikkje høyrd dei brukte noko
anna til rokkmanngävor för i tida, nei.

Sp. 117

För i tida skal det ha vore skikk at
rokkemannen gav rokkejerringa ein
rokkeim.

Sp. 118

Rokkmannen skulle ha jülmat, ja.

Sp. 119

F. Steinaldertida hadde nok rokkemannens
plikke til å halda rokken i god stand
äret ut, ja.

Sp. 120

Lävtjerringa, likesins skogtäusa med
fekk anten si treskei eller treäuse.

Sp. 121

Omak og drikk skulle ho og få servert, ja.

Sp. 122

Har ikkje høyrd at lävtjerringa eller
skogtäusa hadde nokon plikter mot gäben.

Sp. 123

Her er ikkje embetsmannstittelen brukt i dette höret.

Sp. 124

Eg har aldri høyrd noko om at
rokkemannen og skogtäusa skulle
bli gift med kvarandre. (F. 10-ärs-
alderen vart eg rokkemann til ei
ättär gammal tjerring).

Sp. 125

Bestefar - Svend Mathiasen Møller -
f. år 1820 hadde ein gang i sin ungdom
lagge til seg 20 juldokker på ein og
sanne slag.

Sp. 126

Svaret her er nei.

Sp. 127

Dei brukte jültraden til stas på jaktoppdraget.

Sp. 128

Det var vanleg å seia at gjentane hadde
lov til å fri i skattära, ja.

Sp. 129

Nei, eg kjemmer ikkje til om dette har
vore praktisk. (Eg länt iallfall
fri sjölv).

1

Årsak at eg i distraasjon ikkje
har skrivne på bae sider av dei
fem første arkene.

S. Arn.

NORSK ETNOLOGISK BOKSAMLING

14505